



**Saknr/Journalnr**  
20/370/21/2125//NF

**Arkivkode**  
GBNR-1/6

**Dato:**  
26.03.2021

---

## Informasjonsnotat/orientering

---

**Frå:**  
Nina Fredriksen

### Oppfølging av sak på GBNR 1/6

Naturutvalget i Samnanger kommune ber om at administrasjonen vurderer kva tiltak som allerede er utført i strandsona som skulle vore søkt om. Og kjem tilbake med dette i egen sak til Naturutvalget.

#### Bakgrunn for saka:

Gjennomgang av flyfoto ([www.norgeibilder.no](http://www.norgeibilder.no)) og kommunen sine byggjesaksarkiv er det avdekket bygge-/anleggstiltak i strandsona på denne eigedomen som ikkje er omsøkte.

Kommunen sine arkiv inneheld ingen søknadar eller løyve til tiltak i strandsona på gbnr. 1/6.


Flyfotodokumentasjon frå 1965 til 2013 syner at strandsona såg om lag lik ut i heile denne perioden.  
Her er eit utsnitt frå 2013:



Utsnitt frå 2015 syner aktivitet på yttersida av neset (nytt dekke på kaien) og veg under etablering, frå den dyrka marka og over til kaien på yttersida:



Utsnitt frå 2016 syner ferdig grusa veg og planerte areal i strandsona, samt etablering av større kai på innsida av neset. Kaien er utvida med om lag 50 m<sup>2</sup>:



Utsnitt frå 2020 syner utviding av kai mot aust med om lag 70 m<sup>2</sup>:



PBL § 1-1 tredje og fjerde ledd:

«*Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utførast forsvarleg.*

*Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.»*

Me har vore på synfaring på eigedomen den 26.02.2021. Grunneigarar var med på synfaringa, og me fekk mellom anna sjå bildedokumentasjon på tidlegare kaier, naust, gardveger og kultulandskapet på gardseigedommen.



Kaianelegga:

Begge anlegg er av eldre dato og det har også stått eit naust her tidlegare ( sjå bildet). Begge kaiene er restaurert, og det er støpt nye murer ( 10 cm) på utsida for å sikre at dei eksisterande steinmurene ikkje skal rasa ut. Begge kaiene har nytt toppdekke av betong. På synfaringa såg me at dei eldre mursteinene nokre stader var synlege gjennom den nye murstøpen. Kaien som ligg sør ( sjå pil på bildet) har eit nytt betongdekke som er heva for best mulig å beskytte anlegget mot stormbølgjer. Kaien på nordsida har også nytt betongdekke, men er ikkje heva.

Vegen til kaier er også av eldre dato. Mosegrodde natursteiner som held vegkroppen på plass, tyder på at vegen er av eldre dato, men vegen er grusa oppatt.



Kaien i nord på bildet.

Viser til vedtak i NAT- 025/2020.

**Konklusjon:**

Ved gjennomgang av flyfoto ([www.norgeibilder.no](http://www.norgeibilder.no)) vil ein kunne sjå konstrusjoner og bygg mykje tydelegare når landskapet er ope. Sol og skygge på bildet er også ein faktor som gjer at installasjoner ol ikkje kjem fram så tydleg.

Etter synfaringa finn vi at kaier, og veg til kaiene ikkje er ulovleg oppførte konstruksjoner etter plan - og bygningslova § 20-1.